

To klovnar er limet i framsyninga

24.04.2009

Cirkus Arnardo er på veg mot Uskedalen og har framsyning på Rabben Feriesenter mandag 4. mai klokka 18.30.
Sirkuset byr i sin sekstiande sesong, som vi har meldt før, mellom anna på den ildsprutande sensasjon Anatoli Joukov.
Han er mannen som drakk jetfly-drivstoff og blei forvandla til «den menneskelege vulkan»

Men her overlet vi ordet til sirkuset sin PR-avdeling:

-Heilt sidan eg var liten gutt og min far starta Cirkus Arnardo i 1949 har eg sett og opplevd det meste, faktisk har rundt 1.500 forskjellige artistar opptrådt i vår manesje. Men dette saknar sidestykke, seier cirkusdirektør Arild Arnardo.

-Han startar som ei vannfontene, og allereie då skjønar publikum at dette er noko dei ikkje har sett før. Vidare utvikler det heile seg når mannen set i gang med å drikka littvis av væske, nærmare bestemt drivstoff til jetfly. Deretter lagar han den eine eldfontena etter den andre. høgt opp mot cirkuskuppelen.
 Det er ikkje ofte ein cirkusdirektør må på ein flyplass for å skaffa rekvisitter, men det måtte altså til for å få drivstoff til mannen, ler Arild.

Mykje av "limet" i framsyninga står dei to klovane Jimmy fra Italia, og Francesco fra Frankrike for. To klovner gjev dobbelt så mykje moro.
 Til og med Are Arnardo får gjennomgå i en vatnleik som set latterdøra på vidt gap. To klovnar av ypperste cirkustradisjon med ein lun humor.

Også en verdsmeister har Arnardo med denne gongen. Paul Chen utfører avanserte spins, twists og flip tricks på eitt hjul. Her går det i høgde og lengde med ekstrem presisjon og konsentrasjon.
 Det same kan seiast også om Glen Nicolodi. Her snakkear vi om håndstandsakrobatikk av høg klasse i eit lunt nummer der han får hjelp av sin sjamerande hund, der dei to går i trappa, begge på "forpotane". Han er femte generasjon i ein italiensk artistfamilie.

"The Chinese flying jojo", meir kjende som diabolos, står sentralt når Huachen Acrobatic Troupe, frå nettopp Folkerepublikken Kina entrar manesjen. Her går det fort når artistane trakterer sine diabolos med ein frapperande teknikk, samstemt og flerstemt på originalspråket frå tida tilbake til Ming-dynastiets Kina.
 Også ballsjonglering av høy vanskelighetsgrad blir vakkert utført av Huachen Acrobatic Troupe.

Også i år blir det poesi under cirkushimmelen. Duo Splash skapar ein fullkommen romantisk og energisk magi i sin kreative luftakrobatikk. Grasiøst og estetisk vakkert, men i nifs høgde.
 At Cirkus Arnardo er en ekte tradisjonsbærer er noko det norske publikum veit å setta pris på. Og det er litt spesielt at Are og Paolina Arnardo, som har tatt magi- og illusionshansken opp etter bestefar Arne, faktisk tryllar fjerde generasjon Arnardo for første gong.
 Are, Paolina og barna Luigi og Shannon tek publikum med inn i Arnardos magiske verd.

Gärtners elefanter og ponniar er sjølvsagt med.

Heilt siden Arne Arnardo introduserte Cirkus Arnardo for sitt første publikum i eget telt, i Kongsvinger 29. april 1949, har Cirkus Arnardo fått mange laurbær, men uten å kvila på dei,